



VIKEDAL

# NMK Vikedal

## Årsmelding 2021



*60 årsjubilanten, Svein Bjarte Holten, med NMKs fortenestemerke i bronse og sølv saman med leiar, Karina Nonslid*

Hovudsponsor:



# Haugesund Sparebank



VIKEDAL

# NMK Vikedal

Postboks 101  
5583 Vikedal

## Til alle medlemmer i NMK Vikedal

Vikedal, 7. februar 2022

## Innkalling til årsmøte for NMK Vikedal 2021

Tid: Laurdag 19. februar 2022, kl. 11.00 – ca. kl. 14.00  
Stad: Skjold Arena, Skjold

### Sakliste for årsmøtet:

1. Opning ved leiaren
2. Godkjenning av de stemmeberettigede
3. Godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden.  
Val av ordstyrer, referent og 2 medlemmer til underskriving av møtereferat.
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Uttale frå kontrollkomiteen
7. Innkomne forslag
8. Fastsetjing av medlemskontingent og andre avgifter
9. Budsjett
10. Val
11. Avslutning ca. kl. 14.00

Eventuelle forslag ein vil at årsmøtet skal ta opp til diskusjon, må sendast styret seinast 14. februar.

Endeleg saksliste med årsmelding, rekneskap og budsjett vert lagt ut på heimesidene til klubben seinast 15. februar.

I etterkant av årsmøte vil det bli ei uformell samling med pizza og brus til friske motorsportsdiskusjonar.

### For styret i NMK Vikedal

Karina Nonslid, leiar (sign.)

# ÅRSMELDING 2021

- **INNLEIING**

Denne årsmeldinga gjeld frå 1. januar 2021 til 31. desember 2021. Den er delt inn i tre delar, ein del med årsmelding frå hovudstyret, ein del med gruppeårsmeldingar og ein del med rekneskap og budsjett.

- **ADMINISTRASJON**

Klubben har vore administrert av eit hovudstyre med 5 medlemmer.

- **HOVUDSTYRE**

Styret har vore samansatt slik :

Leiar: Karina Nonslid  
Nestleiar: Marit Guldhav  
Sekretær: Elise Teistedal Amundsen  
Medlem: Ørjan Strand Eikeland  
Anlegg: Michael Jensen  
Bil: Katrine Tveit-Runge

Varamedlem:

Rekneskapsfører: Svein Erik Østbø  
Rekneskapsfører har delteke på styremøtene.

- **STYREMØTER**

Styret hadde 5 møter i løpet av året. Resten har foregått på e-post eller messenger, noko som har fungert greit.

- **MEDLEMMER**

NMK Vikedal har 285 registrerte medlemmer. Det er 27 fleire enn i fjor.

- **ØKONOMI**

ARRANGEMENTSØKONOMI:

NMK Vikedal har hatt desse bil-arrangementa i 2021:

Dato	Type arr.	RC	BC	BC jr.	CK	MX
8/5	Klubbløp	3	14	6	3	
26-27/6	2-dagarn – BC	12	35	27 (+ 3 tr.)	3	
18/9	BC/RC/CK	16	27	23 (+ 3 tr.)	3	
16/10	Klubbløp		28	10	6	15 (kun jr.)

Arrangementa gjekk samla med eit fint overskot, sjølv utan billettinntekter.

NMK Vikedal søkte om og fekk totalt kr. 607.718,- utbetalt i koronakompensasjon i 2021.

## • Hovedstyret si årsmelding

Hovedstyret har bestått av:

Leder	Karina Nonslid
Nestleder	Marit Guldhav
Sekretær	Elise Teistedal Amundsen
Styremedlem	Ørjan Strand Eikeland
Gruppeleder bil	Katrine Tveit-Runge
Gruppeleder anlegg	Michael Jensen

Styret har hatt 5 møter i 2021. Regnskapsfører Svein Erik Østbø har deltatt på alle møter.

Året var fortsatt preget av Covid-19, men alle har lært å innordne seg etter reglene som hele veien forandret seg. Det var kjekt å se at både MX og bil kunne ha aktivitetene som var planlagt, selv med alle restriksjoner de ble pålagt.

Det var stor glede da vi kunne åpne opp for publikum til klubbbløpet i oktober og det ble en flott dag for alle som var med.

Styret bestemte seg for at Svein Bjarte Holten skulle motta hederstegn til hans 60 års dag for lang fartstid, god dugnadsånd og god ambassadør for klubben i mange år.

Han fikk tildelt:

- Klubbens fortjenstemerke.
- NMK's fortjenstemerke i bronse og sølv (disse 2 må godkjennes av NMK sentralt.)



I november var leder Karina invitert til NMK Bergen sitt 100 år's jubileum. Klubben kjøpte da en rose malt tallerken fra Unni Marie Rosemaling i Ølen. Det var en flott fest og en flott 100 åring.

Styret vil til slutt takke alle som var med til å bidra til at der var aktivitet i klubben til tross for enda et annerledes år. Alle fortjener en rose.



**Karina Nonslid**  
**Leder for hovedstyret 2021**



# ÅRSMELDINGAR FRÅ KOMITEANE

## • Bilgruppa

### Bilgruppa har bestått av:

Katrine Tveit-Runge, leiar  
Jon Bjarte Aarekol  
Sindre Vikedal  
Bjørn Magne Moland Enge  
Sigurd Kilane (ansvar for H-lisenskurs)

Året 2021 har som 2020 vært prega av covid-19 restriksjonar, men all aktivitet som var planlagt har blitt utført ihht. gjeldande retningslinjer frå FHI.

Årskontroll arrangert av bilgruppa blei utført i slutten av april. Timebestilling blei vidareført frå året før og dette blir nok måten å gjere det på framover også, då det er positive tilbakemeldingar på dette både frå førarar og årskontrollantar.

H-lisenskurs blei arrangert av Sigurd i mai. Det var sju deltakarar som fekk fullført og godkjent teoridel samt praksiskøyring. Det er ei god auke i deltakarar frå året før.

Årets første løp blei omgjort til eit klubblop då det var anbefalingar frå FHI på å utsette/avlyse arrangement som inneber deltakarar frå fleire kommunar. Kommuneoverlegen gav aksept for å arrangere for medlemmer i klubben sjølv om folk er busett i fleire forskjellige kommunar her lokalt. Det var i 2021 sesongen mogleg å køyre 3 klubblop utan bud, mens det til vanleg kun er lov med 1. Alle løp forutan klubblopet i oktober blei køyrd utan publikum, så det var kjekt å kunne opne for publikum sjølv om været ikkje spela heilt på lag med oss.

Totalt 12 treningar blei arrangert. Påmelding i forkant av treningane med sjekk av betalte lisensar og medlemsskap gjorde innsjekking meir effektiv.

Landsfinale senior som skulle blitt arrangert på Vikedal motorbane 2021 er utsett til 2023 grunna covid-19 restriksjonar.

### **Følgjande løp er approbert i 2022**

2. april	BC, RC og CK
4 - 5. juni	Todagarcrossen Bilcross (LF jr/sr kvalifisering)
17 - 18. september	BC, RC og CK
15. oktober	Klubblop, alle greiner

Me takkar komitear, frivillige, førarar og alle medlemmer for eit godt, men annleis år!

## **Sportslege resultater, bil:**

2021 var fortsatt eit litt spesielt år med restriksjonar på aktivitetane. Tidlegare start med løp, og utsikter til fleire løp, gjorde nok at litt fleire løyste lisens og kom til start igjen. Spesielt gledeleg var det at antal bilcross junior auka vesentleg.

### **- Bilcross junior (14 aktive)**

Det var Daniel B. Finnvik som opna sesongen best og gjekk til topps i klubbøpet 8. mai. Mathias Haugland Rønnevik og Aleksander Sætre kom nærmast. Aleksander gjorde det best i VM-opninga der berre han og Simen Johansen deltok av juniorane i NMK Vikedal. På 2-dagaren var det Ingrid Dybvik Jensen som gjorde det best med 5. plass. Daniel B. Finnvik vart nr. 8. På septemberløpet i Bergen kjørte Simen Johansen inn til ein fin 4. og Vebjørn Hustoft til 7. plass. I VM-finalen i Vikedal bytta Daniel B. Finnvik og Ingrid Dybvik Jensen plass i forhold til 2-dagaren slik at Daniel fekk 5. plass og Ingrid 8. plass. Med same poengsum fekk Daniel 10. og Ingrid 11. plass i VM i år.

På klubbøpet i oktober var det Julian Helland som gjekk til topps framfor Mathias Haugland Rønnevik og Mathias R.H. Leifsen.

### **- Bilcross (31 aktive)**

Det var mange tette, jamne duellar i år. Dei første var mellom Sondre Hundseid Eikeland og Sølve Østbø, der Sondre gjekk seirande ut både i klubbøpet 8. mai og i 2-dagaren, med Sølve på andre plass. Tobias Johansen tok tredjeplass på klubbøpet i mai. NMK Vikedal førerane dominerte A-finalen på 2-dagaren med 5 av 6 kvalifiserte. Thomas Hundseid Eikeland, Sverre Hundseid og Sigbjørn Østbø tok plassane frå 4. til 6.

Helga etter klubbøpet reiste Sigbjørn og Sølve Østbø, Ole Lønning og ein gjeng bergenserar til Krabyskogen. Der vart det kjørt under svært fuktige forhold. Sølve gjorde det best med 5. plass, Sigbjørn 18. plass medan Ole hadde problemer med mellomakslingen og vart nr. 38.

På VM-opninga var det Ole Lønning og Knut Endre Ringhagen som gjorde det best med 7. plass til Ole og 8. plass til Knut Endre. I septemberløpet i Bergen gjekk Sølve Østbø heilt til topps. Sigbjørn Østbø kom nærmast av våre med 6. plass. Sølve gjekk og til topps i VM-finalen i Vikedal. Då var det Bjørn Cato Aarekol som var nærmast av våre med 6. plass. Elles har fleire førerar vore flinke å delta på løp rundt om i Sør-Norge i år. Spesielt vil vi nemna Ole Lønning som ein periode var på løp nesten kvar helg. Strålende innsats.

I klubbøpet i oktober vart Eirik Sandvik den første som tok sitt andre napp i vandrepokalen. Han vann framfor Sølve Østbø og Sondre Hundseid Eikeland. Per-Gaute Østbø, Oliver André Matre og Thomas Hundseid Eikeland kom på dei neste plassane.

### **- Rallycross (4 aktive)**

Åsmund Holten og Bjørn Cato Aarekol satsa på NM i klasse 2 i år. Det opna tungt for Åsmund med motorhavari under treninga på første runden på Gardermoen. Men ny motor vart gjort klar, og neste runde på Grenland gjekk han heilt til topps. Det vart ein liten nedtur på Momarken i neste runde, når han tjuvstarta og vart utkonkurert av Bjørn Cato i B-finalen. På Gol vart det opptur for begge, der Åsmund gjekk til topps og Bjørn Cato nr. 3. NM skulle avgjerast Finnskogen, og der gjekk marginane mot Åsmund igjen. Tredjeplass heldt ikkje når rivalen Thomas Hårberg gjekk til topps. Dermed vart det sølvmedalje på Åsmund som var tydeleg skuffa for oss som såg finaleløpet. Bjørn Cato vart nr. 10 i NM, men nå er Skodaen seld.

I Vestlandsmesterskapet vann Åsmund finalerunden i Vikedal framfor Lars Reidar Frøyland. Med det resultatet vart dei nr. 6 og 8 i VM. Håvard Helland gjorde eit innhopp i finaleløpet og kjørte inn til seier der. Med det tok han tredjeplass i NM.

### **- Crosskart (6 aktive)**

Endre Stople Enge fekk i haust selskap av tvillingbrødrene Daniel og Kristian Veland Skeie i Crosskart Mini, der dei kjører trening.

Det er no 3 crosskart Xtreme i klubben, og en fjerde på veg. Glenn Olav Lothe (3 rundar) og Rolf Gangdal (1 runde) har deltatt i NM, men har ikkje fått poeng enno. På klubbøpet fekk dei konkurranse av Sigurd Kilane, som klarte å visa at dei gamle er eldst og vann framfor Rolf og Glenn Olav.

## • MC-gruppa

### MX-gruppa har bestått av:

Leiar: Nils Reimers  
Kjartan Heggen  
Kjetil Nilsen  
Ingrid Haugen (repr. for barneidrett)

Sesongstart 2021 blei laurdag 20. mars etter ein ganske kald vinter. Siste treningsdag før jul blei 18. desember. MX skulen blei utvida til aldersgruppa opp til 16 år gjennom innkjøp av to 125 cc syklar. Nesten 30 prøvde motocross for første gong dette året. Medlemstalet i gruppa var ved utgangen av året 102. Då var det 5 utmeldingar slik at talet på nye i 2021 er 31.



*MX-skulen sin popularitet har auka. Mykje på grunn av 125 cc syklane (fremst). Yamaha syklane (blå) har gjort sin 3. sesong og det merkast.*

### **ANLEGG**

Det er bygd ny skulebane i 2021. Den er godt drenert og har halde seg tørr heile sesongen! I 2022 får den fint topplag. Det er og laga baneavkortning på den store banen for dei mindre klassane. Systematisk vedlikehald med traktor frå VMA har gitt godt underlag. Bruken av banen nærmar seg 800 treningsøkter. Vedlikehaldsmetoden er ikkje tilpassa dette og banen blir etter kvart flat av slodda.

*Ny skulebane har meir svingar, både høgre og venstre. Det gjev betre ferdigheiter før start på stor bane.*



### **AKTIVITET**

Treningsaktiviteten har auka med heile 200 økter til 780 i år. Årsaka er vekst pluss stor treningsamling i juli. Det er gjennomført 380 dugnadstimar på skulen og 100 på banen pluss 95 på sommarleiren. Dugnaden blir utført av ei brei gruppe føresette og aktive.



*Det nye bygget, terrasse og stort kjøkken med kiosk gjer Vikedal Motorbane unik for samlingar.*

Sommarleiren med profesjonelle instruktørar frå MX-Training var antakeleg den største samlinga i landet i 2021. Den hadde 52 deltakarar i tre dagar.

## **SPORT**



*Martine i sin første Vestlandscup. (Stord). Seinare fekk ho med seg både Eline og Fredrik til*

Deltaking i løp utanfor klubben har vore 10 startar på halv sesong i 2021. Det er god framgang . På eige klubblop hadde vi i år med oppvisningsklassane som utgjorde 18. Vi har ikkje fått til egne serie-løp slik vi planla.

## **ØKONOMI**

Rekneskapsoppstillinga blei endra for 2021 for å få rettvisande, aktivitetsbasert rekneskap. Det var eit stort framsteg. Tilskota frå det offentlege har elles auka basert på eit stort tal unge i gruppa. Saman med sponsormidlar har me ei inntektsside på rundt 200.000.- og vil søkje å utvide denne ytterlegare gjennom interkommunal status. Sterkare økonomi skal styrke banevedlikehaldet. Vi siktar på at rekrutteringa i 2022 vil vera lik som 2021. Seint i 2021 fekk klubben og tilsegn om 110 000,- til vedlikehald av MX skulen.

Aktivitetar i 2022 blir i store trekk slik:

- Arbeide for interkommunal status
- Legge fin grus på treningsbanen
- Legge til rette for løp med god grind og tidtaking
- Skaffe betre reiskap for vedlikehald



- Halde treningsamling i juli



*NIF sin kampanje markerte slutten på pandemien 25. september – det varte berre ei stund. Men vi reknar med det har roa seg til sesongstart.*



*Alle deltakerane på klubblopet 16. oktober, både bil og MX, framfor klubbhuset*

## • Anleggskomiteen

Anleggsgruppa har bestått av:

Michael Jensen, leiar  
Kjartan Heggen  
Sverre Hundseid  
Nikolai Andreassen

Komiteen fungerer nok ikkje optimalt, og leiaren gjer for mykje av det som skal gjerast utan involvering av dei andre. Arbeid på MX-banen blir utført utan at anleggskomiteen er informert eller involvert.

I 2021 har det største arbeidet vore ferdigstilling av bilcrossbakken med litt justeringar etter asfalteringa i fjor.

- Gamalt autovern vart fjerna og nytt sett opp
- Sandfella vart utvida mot nytt rekkverk mot rallycrossstraseen
- Nytt lag med grus på banen fra start til dommertoppen

Innsjekk/klubblokale vart vaska og malt av Karina og Marit.

Nybygget er malt av Marit, Rita og Karina + på ein enkel fellesdugnad med litt malingsarbeid Under taket var det Svein Bjarte som sprøytemalte.

Ellers er det utført vanleg vedlikehald som plenklipping, klipping i skråningar, reparasjon av gjerder, skraping av bilbanane og slodding av depot.



*Marit i sving med malarkosten.*



*Bilde av det gamle rekkverket som no er bytta ut.*

## BUDSJETT 2021 / REKNESKAP 2021 / BUDSJETT 2022

Konto	Beskrivelse	Budsjett 2021		Rekneskap 2021		Budsjett 2022	
		Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit
2021	Rekvisita	3 000,00	0,00	1 474,00	0,00	2 000,00	0,00
2031	Konsulenttjenester	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
2041	Porto/telefon	500,00	0,00	0,00	0,00	500,00	0,00
2051	Annonser/reklame, hovedstyre	1 000,00	0,00	0,00	0,00	1 000,00	0,00
2081	Publikasjoner, internett	12 000,00	0,00	11 444,00	0,00	13 000,00	0,00
2121	Tillitsmannsmøter	40 000,00	0,00	4 178,00	1 781,00	40 000,00	0,00
2711	Utmerkelser/gaver v/bryllup ol	2 000,00	0,00	7 859,75	0,00	3 000,00	0,00
2805	Renteutgifter/avdrag	150 000,00	0,00	218 066,00	0,00	150 000,00	0,00
2811	Gebyr, provisjon (bank, post)	8 000,00	0,00	10 341,57	0,00	12 000,00	0,00
3315	Innkjøp, varer (bil)	66 000,00	0,00	70 137,46	499,30	81 000,00	0,00
3715	Inntekter av eget salg (bil)	0,00	112 200,00	0,00	94 773,00	0,00	137 700,00
4011	Andre tiltak	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4013	Utgifter til Lyngåstur	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4022	Utgifter, lotteri/bingo	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4031	Utg. årsfest for vakter/medl.	7 500,00	0,00	1 000,00	0,00	7 500,00	0,00
4042	Reklameartiklar	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4052	Utgifter til andelsbrev	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4076	Leigeutgifter, Kaihus	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4082	Utgifter til juletre,kristorn	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4101	Sponsorinntekter	0,00	50 000,00	0,00	50 000,00	0,00	50 000,00
4111	Andre tiltak	0,00	24 000,00	0,00	31 261,40	0,00	30 000,00
4113	Inntekter, Lyngåstur	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4122	Lotteri/bingo	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4132	Inntekter, årsfest	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4142	Salg av NMK-jakker/T-skjorter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
5034	Leige av grunn til banen	40 000,00	0,00	0,00	0,00	85 000,00	0,00
5044	Straumutgifter	40 000,00	14 500,00	51 829,02	200,00	70 000,00	14 500,00
5054	Forsikring, anlegg	27 000,00	0,00	26 901,00	361,00	29 000,00	0,00
5064	Vassavgift/Renovasjon	18 000,00	0,00	22 256,26	1 954,01	21 000,00	0,00
5084	Diesel/bensin/brannslukkere	20 000,00	0,00	10 722,57	0,00	15 000,00	0,00
5104	Publikumsområde/bygninger	30 000,00	0,00	19 237,00	0,00	20 000,00	0,00
5834	Reklameskilt	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7941	Kommunale tilskot (drift)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
8101	Medlemskontingent	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
8801	Renteinntekter	0,00	200,00	0,00	559,00	0,00	200,00
	Baneleige til hovedstyre	0,00	299 400,00		447 100,00	0,00	269 600,00
<b>Totalt, hovedstyre og anlegg</b>		<b>399 000,00</b>	<b>388 100,00</b>	<b>455 446,63</b>	<b>628 488,71</b>	<b>550 000,00</b>	<b>502 000,00</b>
		<b>-10 900,00</b>		<b>173 042,08</b>		<b>- 48 000,00</b>	
3015	Div. stemneutgifter	9 000,00	0,00	19 663,00	0,00	9 000,00	0,00
3025	Politi, lege, ambulanse (bil)	57 000,00	0,00	45 000,00	0,00	57 000,00	0,00
3035	Leige av parkeringsområde(bil)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3045	Approbasjon, billettavg. (bil)	30 790,00	0,00	27 130,00	0,00	33 200,00	0,00
3055	Forsikring (bil)	19 990,00	0,00	20 380,00	0,00	22 160,00	0,00
3065	Reise- og oppholdsutg. (bil)	22 000,00	0,00	4 408,00	0,00	22 000,00	0,00
3075	Løpsavgifter, NMK	7 500,00	0,00	0,00	0,00	7 500,00	0,00
3085	Annonser, reklame (bil)	7 500,00	0,00	7 781,25	0,00	7 500,00	0,00
3095	Diverse porto, telefon (bil)	6 500,00	0,00	3 326,85	0,00	6 500,00	0,00
3123	Programutgifter	12 000,00	0,00	0,00	0,00	12 000,00	0,00
3205	Pokaler, premier (bil)	45 000,00	0,00	78 506,10	25 991,00	45 000,00	0,00

Konto	Beskrivelse	Budsjett 2021		Rekneskap 2021		Budsjett 2022	
		Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit
3225	Premiepenger, førerlar (bil)	8 240,00	0,00	8 340,00	0,00	8 240,00	0,00
3235	TV-dekning	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3255	Tilbakebet. av depositum	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3805	Billettinntekter	0,00	72 500,00	0,00	2 030,00	0,00	95 000,00
3825	Startkontingent (bil)	0,00	199 300,00	0,00	178 190,00	0,00	206 750,00
3845	Sponsorinntekter (bil)		70 000,00	0,00	57 500,00		70 000,00
3855	Parkeringsinntekter (bil)		13 000,00	0,00	0,00		17 000,00
3863	Programannonser		0,00	0,00	0,00		0,00
3873	Salg, programblad		0,00	0,00	0,00		0,00
3885	Diverse, Overskot bud, startnr	0,00	57 000,00	47 270,00	135 095,00	0,00	57 000,00
3895	Depositum for mangl. lisensar		0,00	0,00	0,00		0,00
4065	Kursutgifter, funksjonærer bil	10 000,00	5 000,00	1 975,00	0,00	10 000,00	5 000,00
4095	Junioraktiviteter	20 000,00	0,00	6 000,00	0,00	20 000,00	0,00
4115	Andre tiltak		210 000,00	950,00	678 266,35		75 000,00
4165	Avgifter, tekn. årskontroll	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
5114	BC- / RC-bane, vedlikehold	200 000,00	0,00	141 256,25	0,00	50 000,00	0,00
7945	Kommunale tilskot		25 000,00	0,00	25 894,95		25 000,00
8105	Medlemskontingent		24 000,00	0,00	23 067,34		24 000,00
8405	Treningsavgift, bil	0,00	20 000,00	688,72	11 776,00	0,00	20 000,00
8415	Treningslisensar, bil	0,00	0,00	0,00	1 800,00	0,00	0,00
	Baneleige til hovedstyre	242 400,00		341 900,00	0,00	178 400,00	
<b>Totalt, bilgruppa</b>		<b>763 920,00</b>	<b>808 000,00</b>	<b>754 575,17</b>	<b>1 139 610,64</b>	<b>488 500,00</b>	<b>594 750,00</b>
		<b>44 080,00</b>		<b>385 035,47</b>		<b>106 250,00</b>	
3026	Politi, lege, ambulanse (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3036	Leige av parkeringsområde(mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3046	Approbasjon, billettavg. (mc)	10 800,00	0,00	11 100,00	0,00	12 000,00	0,00
3056	Forsikring (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3066	Reise- og oppholdsutg. (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3086	Annonser, reklame (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3206	Pokalar, premiar (mc)	2 000,00	0,00	2 074,00	0,00	2 000,00	0,00
3316	Innkjøp, varer (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3716	Inntekter av eget salg (mc)	0,00	0,00	0,00	2 510,00	0,00	0,00
3806	Billettinntekter (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3826	Startkontingent (mc)	0,00	2 500,00	0,00	1 900,00	0,00	2 000,00
3846	Sponsorinntekter (mc)	0,00	105 000,00	2 625,00	105 000,00	0,00	80 000,00
3856	Parkeringsinntekter (mc)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
3886	Div. inntekter, motocross	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
4066	Kursutgifter, funksjonærer mc	0,00	0,00	900,00	0,00	0,00	0,00
4116	Andre tiltak	0,00	57 000,00	0,00	106 404,54		65 000,00
4216	Innkjøp og oppbygging	20 000,00	0,00	19 980,00	15 478,00	0,00	0,00
4226	Personleg kjøreutstyr	10 000,00	0,00	11 125,95	0,00	40 000,00	110 000,00
4236	Driftsutgifter	8 000,00	0,00	3 074,91	0,00	20 000,00	0,00
4316	Leigeinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
5124	Motocrossbane, vedlikehold	100 000,00	0,00	74 638,84	0,00	100 000,00	0,00
7946	Kommunale tilskot	0,00	12 000,00	0,00	19 345,05		17 000,00
8106	Medlemskontingent	0,00	10 500,00	0,00	17 232,66		15 000,00
8316	Treningsutgifter, motocross	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
8406	Treningsavgift, motocross	0,00	15 000,00	33 580,00	85 250,00	0,00	15 000,00
8416	Treningslisensar, motocross	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
	Baneleige til hovedstyre	57 000,00	0,00	105 200,00		91 200,00	
<b>Totalt, MC-gruppa</b>		<b>207 800,00</b>	<b>202 000,00</b>	<b>264 298,70</b>	<b>350 610,25</b>	<b>265 200,00</b>	<b>304 000,00</b>
		<b>-5 800,00</b>		<b>86 311,55</b>		<b>38 800,00</b>	

<b>Total sum</b>		<b>1 370 720,00</b>	<b>1 398 100,00</b>	<b>1 474 320,50</b>	<b>2 118 709,60</b>	<b>1 303 700,00</b>	<b>1 400 750,00</b>
	<b>Resultat</b>	<b>27 380,00</b>		<b>644 389,10</b>		<b>97 050,00</b>	
<b>Investeringar</b>		<b>Budsjett 2021</b>		<b>Rekneskap 2021</b>		<b>Budsjett 2022</b>	
<b>Konto</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b>Debet</b>	<b>Kredit</b>	<b>Debet</b>	<b>Kredit</b>	<b>Debet</b>	<b>Kredit</b>
5304	Publikumsområde/bygningar	80 000,00	0,00	0,00	0,00	100 000,00	50 000,00
5314	BC- / RC-bane, nyanlegg	185 000,00	50 000,00	0,00	0,00	200 000,00	50 000,00
5324	Motocrossbane, nyanlegg	38 000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7904	Spelemidler / VAF	0,00	1 690 000,00	0,00	0,00	0,00	1 690 000,00
<b>Total sum, investeringar</b>		<b>303 000,00</b>	<b>1 740 000,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>300 000,00</b>	<b>1 790 000,00</b>
<b>Netto investeringar</b>		<b>1 437 000,00</b>		<b>0,00</b>		<b>1 490 000,00</b>	

## Noter til rekneskapet:

### 1. Fordeling av inntekter:

Medlemskontingent, driftstilskot og Grasrotandel er fordelt mellom bilgruppa og MC-gruppa basert på registrerte medlemmer (57,24% bil, 42,76% MC).

Koronakompensasjon og momskompensasjon er fordelt mellom gruppene etter grunnlaget frå kvar gruppe.

For å vega opp for dette, må gruppene betala 30% av inntektene sine i «baneleige» til hovedstyret.

### 2. Netto summer for klubben uten internfaktureringa/-delinga er:

Rekneskap 2021:

Totale utgifter:	1.474.320,50
Totale inntekter:	2.118.709,60
Resultat	644.389,10

Budsjett 2022:

Totale utgifter:	1.034.100,00
Totale inntekter:	1.131.150,00
Resultat	97.050,00

### 3. Investeringar 2021:

Søknaden om spelemidler for nybygget vart oppdatert i 2021, men det er ikkje levert sluttrekneskap enno. Når det blir levert og godkjent, kan me søkja om forskotering av spelemidlane (dersom vi ikkje får tildelt midlane ved ordinær tildeling) og momskompensasjon. Spelemidlane er forventa å bli kr. 1.785.000,- og momskompensasjonen rundt kr. 800.000,-. Desse midlane vil dekkja heile lånet me har i dag og vel så det.

### 4. Behaldning pr. 31.12.2021:

Innskot:

Kassakreditt, 3241.06.00888	Saldo:	27.196,47
Foreiningskonto, 3241.07.01056	Saldo:	952.098,25
Kasse	Saldo:	0,00

Lån, 3240.83.90922	Saldo:	2.220.452,00
--------------------	--------	--------------

## Rapport frå kontrollutvalet:

Beretning fra kontrollutvalget i NMK Vikedal for 2021 til årsmøtet 2022

Kontrollutvalget har bestått av:

Ole Sigve Leifsen	Leiar
Laila Strøm Stange	Medlem
Steinar Høyvik	Medlem

Kontrollutvalget har hatt et fjernmøte, og har gjennomført kontrollutvalgets oppgaver etter lovnorm for idrettslag, § 21 Kontrollutvalg.

Etter vår mening er NMK Vikedal styrt etter forsvarlig forvaltning og med økonomistyring, at dets midler benyttes i samsvar med lover, vedtak, bevilgninger og økonomiske rammer.

Vi har noen kommentarer knyttet til budsjett og regnskap:

- Konto 5034, her er det budsjettert med kr. 40.000,- og står med kr. 0,- i debet. Dette skyldes at det blir betalt og bokført i 2022
- Konto 2805, her skyldes differansen at NMK Vikedal ikke har fått ut alle tippemidler til nybygget, og dermed større utgifter til lån enn budsjettert.
- Konto 4115, her er det koronakompensasjon som er tatt inn på denne kontoen med kr. 495.000,-

Tysvær 14. februar 2022

Steinar Høyvik  
Sign

# Valkomiteen sitt forslag for 2022

## Hovedstyre:

Leiar:	Karina Nonslid - 1 år
Nestleiar:	Tore Flydal - 2 år
Sekretær:	Elise Teistedal Amundsen - 2 år
Leiar, bil:	Katrine Tveit-Runge - 1 år
Leiar, anlegg:	Michael Jensen - 1 år
Styremedl.:	Ørjan Strand Eikeland - 1 år
Styremedl. MX:	Ingrid Haugen – 2 år
Varamedl.:	Geir Utaaker - 2 år

Regnskap: Svein Erik Østbø 1 år

## Bilgruppa:

Leiar:	Katrine Tveit-Runge - 1 år
	Amalie Rønnevik - 2 år
	Bjørn Magne Moland - 1 år
	Sindre Vikedal - 2 år

## Anleggskomiteen:

Leiar:	Michael Jensen - 1 år
	Kjartan Heggen (mx) - 1 år
	?? 2 år
	?? 2 år

## MX-gruppa:

Leiar:	Nils Reimers – 1 år
	Kjartan Heggen – 2 år
	Kjetil Nilsen – 1 år
	Ingrid Haugen – 2 år

## Kontrollkomite

	Ole Sigve Leifsen - 1 år
	Steinar Høyvik - 2 år
	Laila Strøm-Stange - 1 år

## Valkomite

	Trude Enge - 1 år
	Kjetil Nilsen - 1 år
	?? 2 år